

ØYGARDEN KOMMUNE
Ternholmvegen 2
5337 RONG

Dato: 04.05.2018
Vår ref.: 2017/17596-48
Saksbehandlar: eliwarr
Dykkar ref.:

Att. Christiell Møvik Olsen

Tilskot til verna kulturminne i Hordaland 2018 - Underretning om tildeling

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til verna kulturminne i Hordaland 2018.

Tildeling

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har i møte 24.04.18, politisk sak 47/18 vedteke å tildele dykk **kr 50 000,- i tilskot**.

For oversikt over tildeling sjå vedlagt politisk vedtak, saksframlegg og vedlegg med fylkesrådmannen sine kommentarar til den enkelte søknad.

Grunngjeving:

Øygarden kommune har starta opp arbeid med kulturminneplan og har eiga tilskotsordning for kulturminne. Naustmiljøet på Vestresjøen, Rogn er regulert med omsynssone i kommuneplanen.

Utbetaling

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune minst 3 veker etter mottaking av dette brevet. *Saksnummeret* skal brukast som fakturanummer, og *ressursnummer* skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse.

- Saksnummer: 2017/17596
- Ressursnummer: 10608

Tilskot som ikkje er kravd utbetalt innan utgangen av dette året, kan falle bort. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Aksept av tildeling

Det vert vist til forvaltningslova § 28 der det går fram at dersom ikkje søkjar klager på vedtaket innan 3 veker, er det automatisk akseptert.

Tidsavgrensing

Tilskotet gjeld tildelingsåret og det påfølgjande året.

Rapportering

Kommunen plikter å underrette fylkeskommunen skriftleg dersom tildelinga må endrast vesentleg i høve til søknaden. Det er ein føresetnad at slike endringar vert godkjend av fylkeskommunen.

Rapport skal sendast til fylkeskommunen innan 1. februar året etter at tilskot er gjeve. Rapporten merkast med 2017/17596 Rapporten skal innehalda:

- Status for kvart tiltak/prosjekt som har fått tilskot i kommunen
- Oversikt over økonomi - utbetalte og ikkje utbetalte midlar

Oppfølging i kommunen

Kommunen har ansvar for vidare fordeling av midlane basert på dei innkomne søknadene og i tråd med vilkår og retningsliner for tilskotsordninga.

Kommunen har ansvar for utbetaling, kontroll og rapportering av tilskot i kommunen, og må gjere mottakar kjent med dei vedlagte «Retningsliner for tilskot til verna kulturminne i Hordaland».

Vi rår til at kommunen legg opp til at det utførte arbeidet vert godkjend av kommunen før utbetaling. Søkjar bør sende kommunen rekneskapsversikt med kopiar av bilag tilsvarande ein sum minst så stort som tilskotet.

Endeleg rapport til kommunen bør innehalde:

- Utgreiing av gjennomførte tiltak og eventuelle avvik frå planen for tiltaket.
- Rekneskap med oversikt over kostnader og finansiering
- Dokumentasjon i form av før og etter foto e.l.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setje i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føreset. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til innsyn i dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på 3 veker frå den dagen de tok imot melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, hfk@hfk.no merka med *Klage -2017/17596*. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sakshandsamarar: Elizabeth Warren

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 KIRU 24042018 sak 47/18
- 2 Retningsliner